

Framstegspartiet, INP og Venstre



# Justert Budsjett 2024

Økonomiplan 2024 - 2027

*«Vekst – Innbyggjarvekst i vår kommune»*

## Innleiing

Me i Frp, INP og V er open for eit budsjettsamarbeid saman med fleire parti ila. perioden om nokon av kameratane har lyst, eller om nokre kameratar skulle bli uvenner, å sjå på muligheten for meir gjennomslag hos oss. Samarbeidspartia legg med dette fram sitt forslag til justert årsbudsjett for 2024 og justert økonomiplan for perioden 2024-2027, for Etne kommune.

---

*«Det har blitt alt for enkelt å senda rekninga til innbyggjarane våre enn å ha eit kritisk blick på kostnader og effektivitet»*

---

Det har vore eit felles mål for samarbeidspartia å laga eit berekraftig og ansvarleg budsjett, som tryggjar tenestene våre i heile kommunen. Det har blitt alt for enkelt å senda rekninga til innbyggjarane våre enn å ha eit kritisk blick på kostnader og effektivitet. Etne kommune skal bli ein endå meir attraktiv kommune å bu i, og der legg budsjettet vårt opp til innbyggjarvekst i vår kommune – særleg av folk i yrkesaktiv alder.

I fleire år med negativ folketalsauke i Etne kommune har ein likevel auka i tal årsverk i kommunen. Noko har vore naudsynte gjennom lovkrav og satsingar, men når me ikkje klarar å få opp folketalet vårt må ein ta ein kritisk runde på kva årsverk ein må ha og kva årsverk ein ikkje må ha. I vårt budsjett legg me opp til ein tilsetningsstopp fram til me får ein gjennomgang slik som er gjort greie for i verbaldelen vår.

Budsjettet tar opp i seg dei ulike prioriteringane som er viktig for samarbeidspartia og sikrar tenestene på alle områda vidare, samstundes som det tek høgde for uføresette kostandar i tida som kjem med at botnlinja er større enn tilrådd nivå og risikoavsettingar i opphavelig budsjett på 4,25 mil er vidareført. Budsjettet legg fortsett opp til gode botnlinjer for heile økonomiplanperioden.

Nesten alle parti som gjekk til val sa dei ville fjerne eigedomskatten, kommunedirektøren sitt budsjett legg opp til ein framtidig drift som kjem til å bruka meir pengar på lån, noko som gjere det endå vanskelegare å avvikla den usosiale eigedomskatten. Me kan ikkje sjå at posisjonen har gjort noko tiltak her, som kan føra til ein lågare eigedomskatt for folk flest i Etne kommune, og den behovsprøvde ordninga for ettergjeving av eigedomskatt blir ikkje vidareført av verken kommune eller posisjonen. Det er lagt inn utgreiing for noko utviding av tidsavgrensa fritak for førstegongsetablering, «tannlaust» men kva med om dette kunne gjelda for alle tilflytting til kommunen også? Trur ikkje posisjonen at det ville stimulert til tilflytting?

Det er heller ikkje gitt noko meir til kyrkja i posisjonen sitt budsjett, etter at det kom brev frå kyrkjeleg Fellesråd, med tanke på behov for meir pengar enn det som ligg inn i budsjettet. Det er viktig at drifta her får nok økonomi til å gå rund.

Investeringsbudsjettet omfattar ei rekkje prosjekt som er avhengige av opprusting og vedlikehald, samstundes som ein imøtekjem behova i einingane. Samarbeidspartia ønsker ikkje å belasta drifta vår med alt for mykje lånekostnader som følgje av overinvesteringar, derfor vert det lagt til grunn utsetingar og stopp av enkelte investeringsprosjekt inntil vidare. Me lev i ei tid med aukande rentejusteringar og vanskelege geopolitiske situasjonar, det er difor viktig å føra ein trygg investeringspolitikk i åra framover. Etne kommune har i dag låg til moderat gjeldsgrad og me ønsker å halda det på eit slikt ansvarleg nivå.

## Innhald

.....	0
Innleiing .....	1
Driftsbudsjettet .....	3
Investeringsbudsjettet.....	4
Verbaldelen .....	5

## Driftsbudsjettet

Forslaget synar dei endringane opposisjonspartia foreslår i forhold til kommunedirektørens framlagte budsjettforslag.

Tiltaks nummer	Forklaring	2024	2025	2026	2027
1	Eigedomskatt - Auke botnfrådrag med kr 175 000,- kvart år	625 000,-	1 250 000,-	1 875 000,-	2 500 000,-
2	Utsetting av prosjekt «Ombygging av Tinghuset»	-290 000,-			
3	Auke i tilskot til kyrkja	315 000,-	100 000,-	100 000,-	100 000,-
4	Trivselstiltak til skulane	400 000,-	400 000,-	400 000,-	400 000,-
5	Skipott til skulane	100 000,-	100 000,-	100 000,-	100 000,-
<b>Disp.fond</b>	<b>Bruk av fond</b>	<b>0</b>			
<b>SUM ENDRING I NETTO RESULTAT</b>		<b>Kr 1 150 000</b>	<b>Kr 1 535 000</b>	<b>Kr 2 160 000</b>	<b>Kr 2 785 000</b>

Positive tal = auka utgifter

Negative tal = reduserte utgifter

### Kommentar:

### Investeringsbudsjettet

Forslaget synar dei endringane opposisjonspartia foreslår i forhold til kommunedirektørens framlagte budsjettforslag.

Tiltaks nummer	Forklaring	2024	2025	2026	2027
1	Ombygging Tinghuset	-8 000 000	- 15 000 000	15 000 000	8 000 000
	<b>Bruk av fond</b>				
SUM ENDRING		-8 000 000	- 15 000 000	15 000 000	8 000 000

Positive tal = auka utgifter

Negative tal = reduserte utgifter

## Verbaldelen

Forslaget syner dei endringane opposisjonspartia foreslår i forhold til kommunedirektørens framlagte budsjettforslag.

1. Kommunedirektøren skal ila dei første mnd i 2024 levere ein sak for formannskapet der investering strategi og -plan blir gjennomgått med politiske prioriteringar. Tiltaka som eininga har spelt inn skal også gjennomgåes. Brannberedskap er viktig og me skal ta godt vare på dei brannkonstablane me har, difor skal me raskt få avklart kva strategi me skal ha for EBR i åra framover.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei sak for å kartleggja ledig areal til bubilparkering i både Etne og Skånevik sentrum.
3. Kommunestyret ber om at kommunen i samarbeid med NAV, og andre som er aktuelt å samarbeida med, å ha auka fokus på tilrettelegging for familiar med låg inntekt og førstegongskjøparar til å komma inn på bustadmarknaden. Det skal startast ein prosjekt «Frå leige til eige», kommunedirektøren legg fram ei sak om dette til formannskapet der omfang og kostnad for prosjektet blir gjort greie for.
4. Kommunestyre vil ha ei sak som omhandlar sjølvkostområdet i VA. Det skal undersøkast om det måtar å driva dette meir kostnadseffektivt slik at innbyggjarane ikkje betalar for kostnadar og drift om ikkje er optimal. Det skal rettast eit kritisk blick på kva investeringskostnader som ligg her, og ein skal sjå på sjølvkostrekneskapet om det finns avvik frå Sjølvkostforskrifta.
5. Kommunestyre oppretter ei politisk arbeidsutval som skal heita «Utval for innbyggjarvekst». I 2024 og 2025 skal dette utvalet arbeida med å finna målretta tiltak for å stimulera til innbyggjarvekst i Etne kommune. Dei skal, saman med kommunedirektøren utarbeida saker til kommunestyre. Valnemda finn medlemmer til utvalet der 1 representant frå kvart parti er representert. Utvalet vel sjølv leiar. På første møte skal desse sakane handsamast:
  - a. Utvalet skal vurdere følgjande:
    - i. Kommunen sender brev/mail til alle som har flytta ut av kommunen med spørsmål om kva som skal til for at ei framtid er aktuell i Etne kommune.
6. Kommunestyre aukar botnfrådraget på hus og hytter med kr 175 000,- kvart år i ØP.
7. Prosjekt ombygging av Tinghuset vert utsett minst eitt år. Når den kjem opp til politisk sak så skal ein kunne ta stilling til 2-3 ulike alternativ.
8. Kommunestyre aukar tilskot til kyrkja med Kr 315 000,- i 2024. Det er viktig for kommunen at kyrkja har økonomi til å drifta sine tjenester, samt ha nok midlar til å driva med verdibevarande vedlikehald av kyrkjene våre.
9. Kommunestyre innfører midlertidig tilsetningsstopp der det ikkje bryt med lovpålagte krav. Mens tal årsverk har auka i kommunen over tid, trass negativ utvikling i folketal ønsker kommunestyre at det vert gjort ei kartlegging av kostnad og tal leiarar, og administrasjonskostnader kan reduserast. Målet med dette er å få til meir effektiv leiding, bruka meir pengar på Helse/omsorg og mindre på administrasjon. Før sommaren 2024 legg kommunedirektøren fram ei sak for formannskapet.

10. Formannskapet kallar inn møte med fylkestannlegen så raskt som råd, for å få til ei ordning med tannlege teneste i Skånevik. Det er eit mål at våre barn skal unngå å reisa inn til Etne, der foreldre må ta seg fri frå arbeid.
11. Sal av kommunale bygg. Kommunestyre ber om ein ny gjennomgang med sikte på sal av bygg som ikkje er i bruk. Evt. sal skal vera med å finansiera framtidige investeringar i Etne kommune slik at lånebehovet for kommunen vert redusert.
12. Fritak for eigedomskatt i minimum 8 år etter å ha bygget nytt hus, førstegongsetablerarar og nye innflyttarar som kjøper nye/gamle hus skal ha same fritak.
13. Etne kommunen avtalar møte med fylke for å få på plass eit «ringbuss-alternativ» mellom Etne og Skånevik. Målet med møtet er å kartleggja kva eit slik tiltak vil koste, der ein også vurderer om kommunen er med å finansiera noko.
14. Kommunestyre ber kommunedirektøren om at det sett i gong eit prosjekt der ein skal etablera ein sentral og synleg ladestasjon for el-bilar i Skånevik sentrum, gjerne i samband med private aktørar, med mål om få ferjetrafikken til å ta ladestoppen i Skånevik.
15. Kommunestyre sett av kr 400 000,- kvart år til «trivselstiltak på skulane». Pengane skal øyremerkast arrangement og aktivitet på Skakke for barn og unge. Dette tiltaket skal bidra til trivsel på skulen samt at Sakke får tilført inntekter.
16. Kommunestyre sett av kr 100 000,- kvart år som skal øyremerkast «skidag til skulane». Kommunedirektøren fordel desse slik han ser er best.
17. Kommunestyre ber kommunedirektøren om at det startast eit prosjekt for bygging av bygg til trusopplæring og kyrkjelydsarbeid i Skånevik. Kartlegging av areal skal gjerast i løpet av 2026.
18. Etne kommune skal arbeida i mot eit kvart forsøk på etablering av vindmøllepark i Etne kommune.
19. Kommunestyre ber kommunaldirektøren om at det vert sett i gong arbeid med å kartlegge mogleg industriareal for kjernekraftanlegg (frå 70 000 kvm). I framtida er det nokså sannsynleg at det vil komme behov for etablering av fleire SMR kjernekraft anlegg i Norge. Me ønsker at det skal finnast eit tilgjengeleg areal for dette i Etne kommune.
20. Kommunestyre ønsker ein sak i løpet av 2024/2025 der sal av næringstomter i Skånevik vert fokus. Råtomter skal kunne seljast til ein rimeleg penge mot at kjøpar opparbeida eigedomen.
21. Kommunestyre ønsker sak om mogleg oppretting av interkommunal Miljøterapeut saman med t.d. Vindafjord kommune, som skal ha fokus på skulemiljøet i skulane våre. Målet skal vera å tryggja lærarane i klasserommet samt bistå elevar som har vanskeleg på skulen.